
Vår referanse 2020/37956-2
Dato 25.02.2020

Robert Hjertås
Radøyvegen 3125
5939 SLETTA

Svar - Dispensasjon fra byggegrense - Driftsbygning - Fv. 5484 - Gnr. 415 bnr. 10 - ALVER kommune

Vi viser til søknad mottatt 22.01.2020.

Vedtak:

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#) gjev vi dispensasjon frå byggjegrensa mot fv. 5484 for å oppføre ny driftsbygning på gnr. 415 bnr. 10 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjon:

- 1) Tiltaket skal vere plassert i samsvar med situasjonskart, datert 22.01.2020.
- 2) Avstand frå driftsbygning (inkludert takutspring) til senterlinja på fv. 5484 skal vere minst 28 meter.
- 3) Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut i offentlig veg. Siktkrav til eigedomen sin avkøyrslø må haldast.
- 4) Bygninga må ikkje nyttast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
- 5) Det kan ikkje søkjast om erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fylkesveg 5484.
- 6) Søkjar må sjølv innhente eventuelle naudsynte løyver for tiltaket frå kommunen.
- 7) Arbeidet må vere starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gjeve, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Grunngeving for vedtaket:

Byggjegrense skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 400 ÅDT. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslø og byggjegrense (2017 - 2020)*. Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til omsøkte tiltak.

Retten til å klage:

Ein kan klage på vedtaket jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å setje fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt.

Send klagen til Vestland fylkeskommune, Sandslihaugen 30, 5254 Sandslihaugen, eller til post@vlfk.no som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
ALVER
KOMMUNE

Postboks 4